



Det brennbare materialet i inngangspartiet var eit av avvika som vart trukke fram under branntilsynet for Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I ein tilsynsrapport for Aktivitetshuset har ingeniør Stein Kyrre Kvinge i kommunen påpeika at det er brukt brennbart materiale i inngangspartiet.

Styreleiar Erlend Moen opplyser i ei tilbakemelding at Omega i Ølensvåg no er engasjert til å koma med ei løysing som kommunen kan godta. Han har allereie vore i kontakt med kommunen og Aktivitetshuset ventar på ei tilbakemelding frå Omega.

Eit anna avvik som Kvinge peika på var at det er utetta gjennomføring ved røyr opp gjennom tak, frå utstyrslager ved hallen. Moen opplyser at gjennomføringa vil bli tetta på ein slik måte at branntryggleiken blir ivareteke. Dette blir gjennomført i samband med arbeidet som står att i garderobane.

Eit tredje avvik var at magnetlåsane på rømningsdørane frå hallen er fråkobla og ikkje i drift. Moen opplyser her at låsane ikkje er i bruk og vil bli demontert straks.

Kvinge hadde og ein merknad om at det er ope mellom vegg og tak frå trimrom til garderobe i hallen. Arbeidet med garderobane skal straks starta og Moen opplyser at dei sjølv sagt vil ta omsyn til at branncellene skal vera tette. Også her vil dei nytte Omega for å få gjort dette i samsvar med føresegnene.

Kvinge hadde endeleg merka seg at rutinane for opplæring og informasjon til ulike brukarar er noko uklære. Det varierer om ein har skriftleg avtale med leietakarar eller ikkje.

Her opplyser Moen at det no er innført rutinar for bruk av skriftleg avtale med alle leietakarar og i denne er branninstruks teke inn som eit eige punkt.

Av Ola Matti Mathisen